

# Kriteriesett 2011

---

*Kvalitet på nett, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)*

# Indikatoroversikt (klikk på tittelen for å gå direkte til indikatoren)

<b>Del 1 - Tilgjengelegheit</b> .....	<b>3</b>
1.1 – Nettstaden brukar alternativ bilettekst.....	4
1.2 – Lenkjer skil seg ut frå vanleg tekst .....	5
1.3 – Skriftstorleiken kan endrast.....	6
1.4 – Datatabellar er tilgjengelege.....	8
1.5 – Rammer blir brukte på ein måte som reduserar ulempene .....	9
1.6 – Meny og søk fungerer utan ekstra utvidingar .....	10
1.7 – Kontrasten på nettstaden er tilstrekkeleg .....	11
1.8 – Statisk innhald kan hoppast over .....	12
1.9 – Nettstaden skil mellom form og innhald .....	14
1.10 – Nettstaden sitt språk er oppgjeve .....	15
1.11 – HTML er korrekt koda på nettstaden .....	17
<b>Del 2 - Brukartilpassing</b> .....	<b>19</b>
2.1 – Nettstaden er lett å laste.....	20
2.2 – Innhaldet er merkt med dato.....	21
2.3 – Nettstaden har søkjefunksjon.....	22
2.4 – Søkjeresultat blir presentert på ein god måte .....	23
2.5 – Innhaldet er presentert på andre språk enn norsk .....	24
2.6 – Hovudmenyen er konsistent på heile nettstaden .....	25
2.7 – Nettstaden har markert kvar ein er i nettstadsstrukturen .....	26
2.8 – Nettstaden har lagt til rette for utskrift av innhaldet.....	27
2.9 – Nettstaden har ein oversikt over innhaldet.....	28
2.10 – Nettstaden har lagt inn relevante metadata .....	29
2.11 – Nettstaden har beskrivande sidetitlar og adresser .....	30
2.12 – Nedlastbare dokument er publisert som PDF eller ODF .....	31
<b>Del 3 – Nyttig innhald</b> .....	<b>32</b>
3.1 – Nettstaden legg til rette for forenkla informasjonsflyt.....	33
3.2 – Nettstaden har strukturert informasjon om kjerneoppgåver .....	34
3.3 – Nettstaden har sentral kontaktinformasjon .....	36
3.4 – Nettstaden har sentral eigeninformasjon.....	37
3.5 – Nettstaden legg til rette for innsyn i postjournal.....	39
3.6 – Nettstaden legg til rette for innsyn i saker og møte.....	41
3.7 – Nettstaden legg til rette for elektroniske høyringar.....	42
3.8 – Nettstaden utnyttar teknologien til å lage gode tilleggsløysingar.....	44
3.9 – Nettstaden har skjema for elektronisk innsending .....	46
3.10 – Nettstaden har innloggingsbasert sjølvbetening .....	48

# **Del 1 - Tilgjengeligheit**

## 1.1 – Nettstaden brukar alternativ bilettekst

Alle bilete skal ha alternativ tekst slik at informasjonen som ligg i bileta blir tilgjengeleg også for dei som ikkje viser bileta på vanleg måte, for eksempel blinde, svaksynte eller personar som brukar program som ikkje støttar vising av bilete. Den alternative teksten skal vere likeverdig med det biletet viser og skal definerast i alt-attributtet (alt="...").

Det er viktig at teksten er så kort og beskrivande som mogleg. Unngå teknisk informasjon om biletet, til dømes kven som er fotograf eller kven som eig rettane til biletet. Dette kan heller presenterast i tilknytning til biletet. Det er heller ikkje naudsynt å byrje teksten med «Bilete av ...» eller liknande.

Bilete som ikkje har noko med innhaldet å gjere, til dømes reine grafiske element (pyntebilete), skal ha tomt alternativ tekst-attributt (alt=""). Dersom ein droppar attributtet heilt (altså fjernar heile alt=""), risikerer ein at ulike nettlesarar automatisk genererer ein lite beskrivande tekst, til dømes basert på filplasseringa eller filnamnet til biletet.

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Ja – Alle bileta har tilfredsstillande alternativ tekst.	2
Delvis – Over halvparten av bileta har tilfredsstillande alternativ tekst.	1
Nei – Under halvparten av bileta har tilfredsstillande alternativ tekst.	0

### Testmetode

IE – WAT – Images – Show Images (sjå [verktøylista](#))

Kontroller forsida og to undersider på nettstaden. Den alternative teksten skal vere likeverdig med det biletet viser. Alternativ tekst som ikkje er likeverdig, tel på same måte som bilete utan alternativ tekst. Kontroller også at reine «dekorbilete» som ikkje er knytt direkte til innhaldet har tomt alt-attributt (alt="").

## 1.2 – Lenkjer skil seg ut frå vanleg tekst

Det skal vere enkelt å forstå kva som er lenkjer på nettstaden, og lenkjene skal difor skilje seg ut frå vanleg tekst på ein tilfredsstillande og konsekvent måte, til dømes med understreking eller utheving. Vurderinga tek utgangspunkt i laupande tekst, altså lenkjer som er del av ein setning eller eit avsnitt (eventuelt andre plassar der lenkja kan mistolkast som vanleg tekst).

Berre fargeforskjell mellom tekst og lenkjer blir ikkje regna som tilfredsstillande, hovudsakleg fordi personar med nedsett syn eller avgrensa fargesyn vil ha problem med å oppfatte dette. Konsekvent vil seie at lenkjer i vanleg tekst skal markerast på same måte på heile nettstaden. Understreking skal berre brukast på lenkjer. Understreking av tekst som ikkje er ei lenkje vil skape forvirring hjå brukaren og blir i vurderinga rekna som ei feilaktig markert lenkje.

Nettstaden bør også lage lenkjer som er så beskrivande som mogleg (unngå til dømes «Les meir» eller liknande), utan at dette spelar inn i vurderinga.

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 3)</b>
Ja – Lenkjer er tilfredsstillande og konsekvent markerte.	3
Nei – Lenkjer er ikkje tilfredsstillande og konsekvent markerte.	0

### Testmetode

Visuell kontroll. Kontroller at alle lenkjer skil seg tilfredsstillande ut frå vanleg tekst, til dømes med understreking eller utheving. Kontroller også at lenkjene er markerte på same måte (konsekvent) på heile nettstaden. Berre fargeforskjell blir ikkje rekna som tilfredsstillande. Dersom understreking blir brukt til andre formål enn lenkjer i vanleg tekst, er dette å rekne som ei feilmarkert lenkje.

Støtteverktøy om nødvendig: IE – WAT – Colour – Greyscale (dette gjev ei svart/kvitt-visning av nettstaden)(sjå [verktøylista](#)).

### 1.3 – Skriftstorleiken kan endrast

Brukaren bør kunne endre storleiken på skrifta på nettsidene etter eige ønske. Dette er viktig for brukarar med ein mildare grad av nedsett syn (til dømes eldre) som ikkje nyttar seg av eigne hjelpemiddel for dette (til dømes personar med sterkt redusert syn).

Det fins ulike måtar å skalere teksten på og kvalitetskriteria lønar dei to mest vanlege måtane. Skalering kan mellom anna gjerast ved hjelp av eksplisitt funksjonalitet på nettstaden, eller ved hjelp av innebygd funksjonalitet i nettlesaren. For at sistnevnte skal vere godkjent, må skriftstorleiken vere sett i relative einingar, og ein må tilby rettleiing på nettstaden for korleis brukaren kan endre dette sjølv i nettlesaren. Rettleiing er viktig då mange i denne målgruppa ikkje kjenner til denne funksjonaliteten.

Skaleringsfunksjonen eller rettleiinga skal vere lett tilgjengeleg og skaleringa skal gjelde på heile nettstaden, også når ein går vidare til ei anna underside (altså må endringa bli «lagra»). Det er også eit krav at lesbarheiten blir oppretthalden etter at justeringa er gjort.

Skriftstorleiken på nettstaden skal vere sett i relative einingar, ikkje faste. Rettleiinga skal dekkje Internet Explorer, Mozilla Firefox, Opera, Safari og Google Chrome.

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Ja, eksplisitt – Skriftstorleiken kan endrast til minimum 20px vha eksplisitt funksjonalitet på nettsida, og funksjonaliteten er gjort gjeldande for all tekst.	2
Ja, relativ med rettleiing – Skriftstorleiken er sett i ei relativ eining og nettstaden har informasjon om korleis brukaren kan endre denne.	2
Ja, relativ – Skriftstorleiken er sett i ei relativ eining, men manglar rettleiing.	1
Nei – Skriftstorleiken er sett i ei fast eining.	0

#### Testmetode

##### Testmetode del 1, eksplisitt funksjonalitet (dersom nettstaden har dette):

Visuell kontroll av side med mykje tekst. Sjå etter funksjonalitet på nettstaden som justerer tekststorleiken. Funksjonaliteten skal vere lett synleg og konsekvent plassert på alle sider.

Skaler teksten størst mogleg, sjekk at skaleringa gjeld all tekst, at innhaldet framleis er leseleg, at storleiken på teksten er minst 20px og at innstillinga gjeld på alle sider. Kontroller også at lesbarheiten blir oppretthalden.

Skriftstorleiken blir kontrollert/målt med utvidinga Firebug (sjå verktøylista) i Firefox på denne måten:

Firefox – Høgreklikk på teksten som skal målast (ein treng ikkje å markere teksten) – Vel «Inspect element». Firebug blir no opna i Firefox med to vindauge. Klikk på fana «Computed» er valt i vindauget til høgre og kontroller verdien til «font-size», denne skal vere minimum 20px. Skru av Firebug ved å trykkje på AV-ikonet oppe til høgre i Firebug-vindauget.

Svar ja, eksplisitt, dersom krava blir oppfylte og hopp over testmetode del 2, då denne berre blir brukt der eksplisitt funksjonalitet ikkje finst.

**Testmetode del 2, fast/relativ eining (dersom nettstaden har dette):**

Vel ei side med mykje tekst.

IE – Side (ev. Vis) – Tekststorleik – Størst (sjå verktøylista). Kontroller om teksten skalerer og at dette gjeld all tekst og at lesbarheiten blir oppretthalden. Dersom teksten skalerer, sjå etter rettleiar for korleis brukaren sjølv kan justere tekststorleiken i nettlesaren. Rettleiaren skal dekkje Internet Explorer, Mozilla Firefox, Opera, Safari og Google Chrome. Rettleiaren, eller lenkje til eiga side med rettleiar, skal vere lett synleg og konsekvent plassert på alle sider.

Svar ja (2 poeng) dersom all tekst skalerer og nettstaden har rettleiar for dette.

Svar ja (1 poeng) dersom all tekst skalerer, men ikkje har tilfredsstillande rettleiar for dette.

Svar nei (0 poeng) dersom det ikkje er mogleg å skalere teksten på nettstaden.

## 1.4 – Datatabellar er tilgjengelege

Tabell skal brukast til å presentere tabulære data (datatabell) og informasjonen skal vere tilgjengeleg sjølv om brukaren ikkje kan sjå tabellen eller om den visuelle presentasjonen blir endra. Spesielt er dette nødvendig for brukarar med datatekniske hjelpemiddel som les nettsida lineært og ikkje ser forholdet mellom rader og kolonnar. Datatabellar skal difor innehalde rad- og kolonneoverskrifter, overskrift (caption) og/eller samandrag med dei viktigaste konklusjonane ein kan trekkje av tabellen (summary).

I enkle tabellar vil overskrifta og samandraget ofte vere tilnærma like og det er difor tilstrekkeleg at berre ein av delane blir definert (gjerne overskrift) utan at dette gjev utslag på poenggjevinga (indikatoren gjev maksimalt tre poeng).

Dei ulike krava blir koda med caption for tabelloverskrift, table summary for tabellsamandrag, samt TH for rad- og kolonnetitlar. Vanlege tabellceller skal kodast som TD. Det er ein utbreidd feil at rad- og kolonnetitlar blir koda som vanlege TD med utheva tekst (bold/strong) og ikkje TH som er det korrekte – dette gjev ikkje poeng.

Denne indikatoren gjeld berre datatabellar, altså presentasjon av tabulære data. I layouttabellar skal ingen av krava brukast. Ein layouttabell er ein tabell brukt for å setje opp heile eller deler av designen på nettstaden og skal i den grad det er mogleg unngåast. Sjå indikator 1.9, «Nettstaden skil mellom form og innhald», for meir informasjon om layouttabellar.

Alternativ

<b>Alternativ, vel eitt eller fleire</b>	<b>Poeng (maks 3)</b>
TH – Rad- og kolonneoverskrifter er definerte.	2
Caption – Tabelloverskrift er definert.	1
Table summary – Tabellsamandrag er definert.	1
Har ikkje datatabellar.	3

### Testmetode

Kontroll av datatabell på nettstaden.

IE – WAT – Tables – Show Data Tables (sjå [verktylista](#)).

td, th, summary og caption blir no markert i tabellen dersom dette er brukt. Kontroller at th er brukt på kolonne- og radtitlar, at td er brukt på vanlege dataceller, samt om det er definert caption og/eller summary. Gje poeng basert på vurderinga. Indikatoren gjev maksimalt tre poeng sjølv om alle krav er oppfylte.

Dersom det finst fleire tabellar på nettstaden, ta utgangspunkt i den som oppfyller færrest krav.



## 1.5 – Rammer blir brukte på ein måte som reduserar ulempene

Rammer kan i mange tilfeller minske tilgjengelegheita på nettstaden dersom dei ikkje er implementert rett. Av rammebruk er det berre iframe som vil gje poeng i vurderinga.

For å sørge for at rammene er tilgjengelege, er det viktig at title-attributtet definerast i samsvar med innhaldet i ramma (tittelen skal altså ikkje gjenspegle den fysiske plasseringa til ramma, men kva innhald som ligg i ho). Slik kan kvar ramme kan identifiserast basert på namnet. Gode eksempel på rammetitlar kan vere «Hovudinnhald», «Hovudmeny», etc.

Dersom ein nyttar funksjonalitet via iframe for å kunne dele innhald via sosiale media (til dømes «Lik denne artikkelen på Facebook» eller «Del dette på Twitter»), er det viktig å kontrollere at beskrivande tittel er definert, sjølv om kodesnutten er skriven av Facebook/Twitter/etc.

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Ingen rammer – Nettstaden brukar ikkje rammer.	2
Iframe med title – Nettstaden brukar iframe med beskrivande tittel.	2
Iframe utan title – Nettstaden brukar iframe utan beskrivande tittel.	0
Vanlege rammer – Nettstaden brukar vanlege rammer (frames).	0

### Testmetode

Kontroller bruk av rammer: IE – WAT – Frames – Frame name/title (sjå [verktøylista](#)).

Dersom nettstaden brukar iframe, kontroller at iframen har ein beskrivande tittel.

## 1.6 – Meny og søk fungerer utan ekstra utvidingar

Meny og søk er to av dei viktigaste funksjonane på ein nettstad og skal vere tilgjengelege for alle. Enkelte brukarar, spesielt dei som nyttar seg av datatekniske hjelpemiddel, vil få problem med løysingar som er avhengige av ekstra utvidingar (til dømes javascript eller Flash) for å fungere.

Indikatoren set difor krav til at hovudmeny og søkjefunksjon ikkje skal vere avhengige av javascript eller Flash for å fungere. Hovudmenyar som er avhengige av ekstra utvidingar, men som har «fall back»-løysing (reserveløysing) som gjev fullgod funksjonalitet vil vere godkjent i vurderinga.

Anna funksjonalitet på nettstaden som er avhengig av javascript eller Flash blir ikkje omfatta av denne indikatoren.

Kravet gjeld heile søkjefunksjonen, altså både søkjefelt og søkje knapp.

Alternativ

<b>Alternativ, vel eitt eller fleire</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Meny – Meny fungerer tilfredsstillande utan javascript/Flash.	1
Søkjefunksjon – Søkjefunksjon fungerer tilfredsstillande utan javascript/Flash.	1
Verken meny eller søkjefunksjon fungerer tilfredsstillande utan javascript/Flash.	0

### Testmetode

#### Testmetode del 1, Javascript:

Firefox – QuickJava – Skru av javascript – Oppdater sida og kontroller hovudmeny og søkjefunksjon (både søkjefelt og søkje knapp) (sjå [verktøylista](#)).

#### Testmetode del 2, Flash:

Firefox – QuickJava – Skru av Flash – Oppdater sida og kontroller hovudmeny og søkjefunksjon (både søkjefelt og søkje knapp) (sjå [verktøylista](#)).

## 1.7 – Kontrasten på nettstaden er tilstrekkeleg

Tilstrekkeleg kontrast mellom tekst og bakgrunn er viktig for at personar med nedsett syn skal kunne lese innhaldet. Det er anbefalt at forholdet mellom forgrunns- og bakgrunnsfarge er minst 4,5:1. Det finst ulike måtar å rekne ut kontrast på, algoritmen som blir brukt her måler kontrast i lysverdi. Farge spelar ingen nøkkelrolle i algoritmen, slik at kontrastverdien er gyldig også for personar med nedsett fargesyn.

Dersom ein ikkje har tilfredsstillande kontrast på nettstaden, er eit alternativ å tilby ein høgkontrastversjon av innhaldet. Sjølve lenkja til høgkontrastversjonen skal vere lett synleg og tilfredsstillende krava til kontrast.

Logoar, innhaldsbilete og liknande element som berre er meint som pynt har ikkje krav til kontrast. Stor tekst, altså tekst over 18 punkt i størrelse, vil ikkje bli målt, då denne ikkje har like strenge krav til kontrast.

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Svært god – Kontrastverdiar høgare enn 4,5:1	2
God – Kontrastverdiar mellom 3:1 – 4,5:1	1
Dårleg – Kontrastverdiar lågare enn 3:1	0

### Testmetode

IE – WAT – Colour – Contrast Analyser (vel luminosity-algoritmen) (sjå [verktylista](#)).

Menyar, innhald og andre element retta mot brukaren skal testast. Logoar, innhaldsbilete og andre element som berre er meint som pynt har ikkje krav til kontrast og skal difor ikkje testast.

Vel forgrunns- og bakgrunnsfarge på dei ulike elementa, kontroller kontrastverdien og gje poeng basert på det dålegaste resultatet.

Nettstader med eigen høgkontrastversjon, skal vurderast basert på denne. Kontroller at lenkja til høgkontrastversjonen har tilfredsstillande kontrast. Stor tekst (18 punkt, eller 14 punkt dersom utheva/bold) skal ikkje målast.

## 1.8 – Statisk innhald kan hoppast over

Når ei nettside blir lesen som ein sekvens (til dømes med tekst-til-tale-løysingar), har ikkje brukaren høve til å flytte blikket dit sjølv hovudinnhaldet byrjar. Han er difor nøydd til å lese gjennom statiske element (for eksempel hovudmeny og søkjefunksjon) før han kjem til hovudinnhaldet.

Nettstaden skal difor ha ei eller fleire lenkjer som hoppar over statiske element og fører direkte til relevante innhaldselement internt på sida. Indikatoren har berre krav om ei slik lenkje som skal føre til hovudinnhaldet, men fleire lenkjer kan leggjast til dersom dei er relevante. Lenkja til hovudinnhaldet skal uansett kome først i strukturen. Lenkjenamnet skal vere beskrivande og lenkja skal anten vere konstant synleg, eller synleg når den får fokus. Dette er viktig, hovudsakleg for besøkande som brukar tastaturnavigering.

Dersom ein ønskjer å skjule desse lenkjene (dei skal framleis kome til syne når dei får fokus), skal ein ikkje bruke CSS-eigenskapane `display:none;` / `visibility:hidden;`. Bruk av desse gjer at funksjonaliteten kan forsvinne i mellom anna datatekniske hjelpemiddel. Posisjonering utanfor det visuelle grensesnittet via CSS er å føretrekkja dersom lenkjene skal skjulast.

Forslag til CSS-kode for skjult funksjonalitet som kjem til syne ved fokus:

```
.skipnav { text-align: left; }
.skipnav a { position: absolute; left: -10000px; width: 1px; height: 1px; overflow: hidden; } //skjuler funksjonaliteten ved normal visning
.skipnav a:focus, .skipnav a:active { position: static; left: 0; width: auto; height: auto; overflow: visible; text-decoration: underline; } //viser funksjonen igjen når den får fokus
```

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Ja – Nettstaden har relevant «hopp til»-lenkje	2
Delvis – Nettstaden har relevant «hopp til»-lenkje, men denne er feil implementert.	1
Nei – Nettstaden manglar relevant «hopp til»-lenkje.	0

### Testmetode

#### Testmetode del 1, finne lenkjer:

IE – WAT – Doc info – List links (sjå [verktylista](#)). Kontroller om nettstaden har ei eller fleire lenkjer som gjer det mogleg å hoppe over statisk innhald. Den første lenkja skal vere direkte til hovudinnhaldet på nettstaden (noter namnet og URLen på lenkja då dette skal brukast i del 3 og 4).

#### Testmetode del 2, beskrivande/fungerande:

IE – WAT – Doc info – List links (sjå [verktylista](#)). Kontroller at namnet på lenkja er beskrivande og at lenkja fungerer tilfredsstillande (klikk og kontroller at ein blir flytta dit det er beskrive). Det kan vere

lurt å finne ei side med mykje innhald, sidan ein er avhengig av scroll for å visuelt kunne kontrollere at lenkja fungerer tilfredsstillande.

### **Testmetode del 3, synleg:**

Om ikkje lenkja er konstant synleg i vanleg visning av nettstaden (altså skjult lenkje), må ein kontrollere at denne blir synleg når ho får fokus. Klikk ein gong med musa på den aktuelle fana i nettlesaren og trykk på TAB(ulator)-tasten på tastaturet til du kjem til den aktuelle lenkja (mest truleg held det å trykkje ein gong dersom lenkja er først i strukturen, som testa i testmetode del 1). Sjå etter same URL som notert i testmetode del 1, nest i venstre hjørne i nettlesaren. Kontroller at lenkja blir synleg på nettstaden når ho får fokus (mest truleg kjem lenkja til syne øvst i venstre hjørne på nettstaden).

Dersom nettstaden oppfyller testmetode del 1 og 2, men feilar på del 3 og 4, bruk alternativet «Delvis» (1 poeng).

### **Testmetode del 4, kontroll av CSS (berre dersom lenkjene ikkje er konstant synlege):**

Firefox – WDTB – CSS – Disable Styles – All Styles (sjå [verktylista](#)). Høgreklikk på ei av lenkjene som vart funnen i testmetode del 1 og 2 og vel «Inspect Element» for å starte Firebug. Venstre del vil no vise HTML-kode med den aktuelle lenkja markert, medan høgre del viser teksten «This element has no style rules» (fordi CSS er deaktivert). Trykk nå «Oppdater» i nettlesar (dette blir gjort for å aktivere CSS att). Venstre del som tidlegare viste «This element has no style rules», vil no vise kva CSS-eigenskapar som gjeld for lenkja. Svar nei (0 poeng) dersom eigenskapane display: none; eller visibility: hidden; er brukte.

Merk at CSS-eigenskapane som skjuler lenka kan liggje på eit innhylla element, til dømes ein DIV, der heile DIVen blir skjult. Dette kan du sjekke ved å klikke deg oppover i elementhierarkiet i venstre del i Firebug, og då vil CSS-eigenskapane følgje i høgre del.

Dersom nettstaden oppfyller testmetode del 1 og 2, men feilar på del 3 og 4, bruk alternativet «Delvis» (1 poeng).

Dersom nettstaden oppfyller alle testmetodane, bruk alternativet «Ja».

## 1.9 – Nettstaden skil mellom form og innhald

CSS, stilark, blir brukt for å skilje form og innhald og gjer designen langt meir fleksibel og funksjonell, mellom anna med tanke på vising tilpassa ulike medium. Ved å bruke CSS gjev ein også brukaren betre høve til å overstyra utsjånaden til sida, mellom anna fargar, kontrast og typografi.

Layouttabellar skal ein unngå både av semantiske grunnar og ikkje minst fordi ein kan misse mykje av fleksibiliteten og funksjonaliteten som er nødvendig for mange brukargrupper. Dersom ein av ulike grunnar må bruke tabellar til å setje opp heile eller delar av designen, er det derimot viktig at ein ikkje brukar rad-/kolonneoverskrifter (th), overskrift (caption) eller samandrag (summary) i HTML-koden for tabellen. Desse skal berre brukast når det er snakk om datatabellar (sjå indikator 1.4 i kriteriesettet).

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 3)</b>
Ja – Brukar CSS til både formatering og layout.	3
Delvis – Brukar CSS til formatering, men tabellar blir brukte til layout.	1
Nei – Brukar ikkje CSS til formatering og tabellar blir brukte til layout.	0

### Testmetode

Firefox – WDTB – Outline – Outline TablesTables (sjå [verktøylista](#)). Kontroller om tabellar blir brukte til oppsett av design (layouttabell). Datatabellar skal ikkje vurderast med denne indikatoren.

Firefox – QuickJava – Skru av CSS (CSS-ikon nede i høgre hjørne). Kontroller at all formatering blir tilbakestilt (sjå [verktøylista](#)).

## 1.10 – Nettstaden sitt språk er oppgjeve

Formålet med indikatoren er å gje informasjon om kva språk som er nytta på nettstaden. Dette gjer at tekstleg innhald blir rett presentert i nettlesaren og ved bruk av datatekniske hjelpemiddel. Mellom anna brukar tekst-til-tale-løysingar denne informasjonen for å identifisere kva språk innhaldet skal lesast på.

Indikatoren sjekkar både at hovudspråk er definert i HTML-taggen i kjeldekoden, og at innhald som skil seg frå hovudspråket har korrekt språk definert. Sistnevnte kan for eksempel vere eit engelsk avsnitt i ein norsk tekst, eller ei engelsk underside på ein norsk nettstad. Dersom undersida berre inneheld engelsk informasjon, skal ein definere språket på HTML-taggen. Om det er ulike språk på sida, må kvar del definerast med språk-kode.

Hovudspråket er det språket som er mest utbreidd på nettstaden.

### Kva språkkode skal eg nytte?

Bruk språkkodar frå lista i ISO 639-1, altså kodar som består av 2 bokstavar. Oversikt over gjeldande språkkodar: [http://www.loc.gov/standards/iso639-2/php/code\\_list.php](http://www.loc.gov/standards/iso639-2/php/code_list.php) (dersom det ikkje finst aktuell kode i ISO 639-1-kolonna, kan 639-2-kolonna brukast). **NB:** Merk også at det er skilnad mellom bokmål (nb) og nynorsk (nn).

### Korleis gjer eg dette (teknisk løysing)?

Hovudspråket på nettstaden skal oppgjevast i HTML-taggen (<html lang="xx">), mens innhald på andre språk enn hovudspråket skal ha lang="xx" på eit kringliggjande element (for eksempel DIV, P (avsnitt), SPAN, eller liknande). Dersom alt innhaldet på sida (inkludert meny) endrar seg, skal ein bruke ny språkverdi i HTML-taggen (<html lang="xx">).

Dersom ein brukar XHTML som dokumenttype (doctype) på nettstaden og presenterer innhaldet som text/html skal ein i tillegg til lang="xx" også bruke xml:lang="xx" i HTML-taggen (<html lang="xx" xml:lang="xx">). Bruk av xml:lang="xx" åleine skal berre brukast når ein presenterer XHTML som XML (for eksempel application/xhtml+xml). Sjå referansehenvisinga for meir informasjon..

Språkdeklarerings oppgjeve på andre måtar enn nemnt over (til dømes http-header eller meta-element), gjev ikkje poeng.

Alternativ

Alternativ, vel eitt eller fleire	Poeng (maks 3)
Hovudspråket er deklartert i HTML-elementet.	2
Innhald på andre språk har korrekt deklarerings.	1

### Testmetode

#### Testmetode del 1, hovudspråk er deklartert

Kontroller hovudsida pluss ei underside med same språk som hovudspråket.

IE – WAT – Doc Info – Show Lang Attributes  
Kontroller at lang="xx" ligg i HTML-taggen, til dømes på denne måten <html lang="no"> (sjå [verktøylista](#)). Det er også godkjent at xml:lang="xx" ligg i tillegg til lang="xx".

Bruk av xml:lang="xx" åleine (<html xml:lang="no">) skal berre brukast dersom nettstaden brukar XHTML-dokumenttype presentert som XML.

Språkdeklarerer oppgjeve på andre måtar enn nemnt over (til dømes HTTP-header eller meta-element), gjev ikkje poeng.

### **Testmetode del 2, deklarerer av innhald på andre språk**

Kontroller ei side med innhald på eit anna språk enn hovudspråket.

IE – WAT – Doc Info – Show Lang Attributes

Kontroller at lang="xx" er korrekt definert på innhald som er forskjellig frå hovudspråket på nettstaden. Dersom heile sida er på eit anna språk (inkl meny), kan deklarerer liggje i <html>.

Godkjende språkkodar; [http://www.loc.gov/standards/iso639-2/php/code\\_list.php](http://www.loc.gov/standards/iso639-2/php/code_list.php) (bruk kolonna ISO 639-1).



## 1.11 – HTML er korrekt koda på nettstaden

W3C sine standardar er grunnlaget for utvikling av tilgjengelege nettstader i ulike medium. Det er avgjerande at standardane blir følgde for brukarar som er avhengige av tilrettelagde løysingar og datatekniske hjelpemiddel.

Indikatoren sjekkar både tal feil i W3C sin HTML-validator, og om innhaldet samsvarar med definisjonen av HTML-elementa (semantikk). Alle element skal vera markert med korrekte taggar i forhold til type innhald, altså det som kallast semantisk HTML. I praksis blir overskrifter (h1-h6), avsnitt (P) og lister (ol, dl, ul) kontrollert i kvalitetsvurderinga.

Nettstader som validerer (0 feil i validatoren) får 2 poeng på valideringskravet, mens nettstader med opp til 5 feil (uavhengig av om det er same type feil som går igjen) i validatoren får 1 poeng.

Alternativ

<b>Alternativ, vel eitt eller fleire</b>	<b>Poeng (maks 4)</b>
Semantisk HTML – Innhaldet samsvarer med definisjonen av HTML-elementa	2
Validering utan feil – HTML-valideringa er godkjent utan feil.	2
Validering med opp til 5 feil – HTML-valideringa gjev mellom 1 til 5 feil.	1

### Testmetode

#### Testmetode del 1, validering

IE – WAT – Check – HTML Validation Quick Check (bruk valget «All Frames» på sider med rammer) (sjå [verktøylista](#)).

Test hovudsida og ei side på nivå 2.

Dersom verktøyet validerer fleire sider/rammer, vel det resultatet som har same URL som testsida.

Gje 2 poeng dersom valideringa er godkjent. Gje 1 poeng dersom validatoren syner mellom 1 til 5 feil. Dersom resultatata frå dei 2 sidene varierer, ta utgangspunkt i det dårlegaste resultatet.

#### Testmetode del 2, semantisk HTML

Firefox – WDTB – Outline – Outline Custom Elements (skru også på «Show Elements Name When Outlining» i same meny. Legg til desse 3 linjene (med eller utan teksten i parantes, det spelar inga rolle) i dialogboksen som kjem opp og trykk OK):

Element 1: P,(tekstavsnett)

Element 2: H1,H2,H3,H4,H5,H6,(overskrifter)

Element 3: OL,DL,UL,LI,DD,DT,(lister)

Test startside og ei side på nivå 2. Kontroller at tekstavsnitt, overskrifter og lister blir ramma inn.

## **Del 2 - Brukartilpassing**

## 2.1 – Nettstaden er lett å laste

Breiband har framleis ikkje full dekning i Noreg, og det er difor viktig å fokusere på storleik slik at ikkje nettstaden tek lang tid å laste. I tillegg er surfing via mobile einingar i kraftig auke der tunge nettstader gjer det både tidkrevjande og kostbart å surfe (sjå til dømes statistikk frå medienorge: <http://www.medienorge.uib.no/>) Ein bør difor vere observant på filstørrelsar på mellom anna bilete, HTML og CSS, slik at nettstaden ikkje blir større enn naudsynt.

Indikatoren løner også nettstader som er tilpassa mobile einingar, enten ved at originalversjonen fungerer tilfredsstillande på mobil, eller ved hjelp av medietilpassa stilark (CSS) eller ein eigen mobilversjon. Dette blir målt ved hjelp av W3C sin mobilvalidator «W3C mobileOK Checker» (<http://validator.w3.org/mobile/>). Denne validatoren bygger på W3C sine retningslinjer «Mobile Web Best Practices 1.0» (<http://www.w3.org/TR/mobile-bp/>). Nettstader som scorer meir enn 40% i testen får 1 poeng.

Indikatoren gjev maksimalt 3 poeng.

Alternativ

<b>Alternativ, vel eitt eller fleire</b>	<b>Poeng (maks 3)</b>
<250kB – Storleiken på startside er under 250kB.	2
250-350kB – Storleiken på startside er mellom 250 og 350kB.	1
>350kB – Storleiken på startside er over 350kB.	0
Tilpassa mobil – Nettstaden er tilpassa mobile einingar.	1

### Testmetode

#### Testmetode del 1, måling av størrelse

Firefox – Test hovudsida på nettstaden med YSlow (trykk på «YSlow» nede på statuslinja i nettlesaren og vent medan YSlow startar opp). Vel «Stats» øvst i YSlow-vinduet (vent medan YSlow måler storleiken på sida).

Kontroller storleiken på sida (Total Size) i kolonna «Empty Cache» til venstre og gje poeng ut frå grenseverdiane i alternativa (sjå verktøylista).

#### Testmetode del 2, tilpassa mobil

Opera Mini Simulator, gå inn på <http://www.opera.com/mobile/demo/> og tast inn adressa til nettstaden. Kontroller om nettstaden har eigen mobilversjon.

Dersom nettstaden har eigen mobilversjon, bruk mobiladressa i W3C sin mobileOK Checker (<http://validator.w3.org/mobile/>).

Dersom nettstaden ikkje har eigen mobilversjon, bruk den vanlige nettadressa.

## 2.2 – Innhaldet er merkt med dato

Stadig meir informasjon blir lagt ut på nett, og det er avgjerande at vi kan stole på at denne informasjonen er rett. Difor er det viktig at all informasjon er påført dato, anten for når sida vart oppretta og/eller alle helst for siste oppdatering eller gjennomgang. Med «all informasjon» meinast både nyheiter, artiklar, tenestebeskrivingar, kjernesider og alt anna innhald som er meint for lesing av besøkande.

Reine transport-/mellomlandingssider (sjå eksempel under) som berre inneheld lenkjer vidare til andre sider, fell ikkje inn under dette kravet.

Eksempel på transportside: [Leikanger kommune – Barn og familie](#)

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 3)</b>
Alt – Har konsekvent datering av alt innhald.	3
Delvis (>½) – Har datering på over halvparten av innhaldet.	1
Lite – Har lite (under halvparten) eller inga datering av innhaldet.	0

### Testmetode

Visuell sjekk av eit tilfeldig utval av sider på fleire nivå på nettstaden. Sjå på ulike typar informasjonselement (nyheiter, artiklar, tenestebeskrivingar, kjernesider, etc). Gje ei totaltvurdering og poengge dateringa etter denne skalaen: Alt innhald, over halvparten av innhaldet eller under halvparten av innhaldet.

Ta med URL til sider utan datering i kommentarfeltet dersom nettstaden har dette.

Reine «transportsider» skal ikkje vurderast.

## 2.3 – Nettstaden har søkjefunksjon

Søkjefunksjon er ei viktig navigasjonsstøtte for de fleste brukarar og gjev moglegheit til å finne innhald utan å måtte skjønne eller navigere gjennom nettstadstrukturen. Med søkjefunksjon meinast både søkjefelt og søkje knapp. Søkjefunksjonen skal vera lett tilgjengeleg og konsekvent plassert på alle sider, og i tillegg vere stor nok til at brukarane kan skrive inn lengre ord eller korte frasar og framleis sjå det som er skrive inn (minimum 20 teikn skal vere synleg samtidig).

Konsistent vil seie at søkjefunksjonen skal vere plassert på same plass på alle undersider, men akkurat denne delen av kravet gjeld ikkje hovudsida.

Referanse; [WCAC 2.4.5](#) og [WCAG 3.2.3](#)

Alternativ

<b>Alternativ, vel eitt eller fleire</b>	<b>Poeng (maks 3)</b>
Ja – Nettstaden har søkjefunksjon lett tilgjengeleg og konsekvent plassert på alle sider.	2
Nei – Nettstaden har ikkje søkjefunksjon, eventuelt manglar denne overnevnte krav.	0
Søkjefeltets storleik – Minimum 20 teikn er synleg i søkjefeltet.	1

### Testmetode

#### Testmetode del 1, førekomst

Visuell kontroll. Kontroller at nettstaden har søkjefunksjon (søkjefelt og søkje knapp) og at denne er lett tilgjengeleg og konsekvent plassert på alle undersider på nettstaden. Kravet til konsekvent plassering gjeld ikkje hovudsida. Kontroller også at søkjefunksjonen fungerer, både via tastatur (skriv eit søkjeord og trykk Enter), og via mus (skriv eit søkjeord og trykk på søkje knappen med musa).

#### Testmetode del 2, storleik

Kontroller at søkjefeltet har plass til 20 synlege teikn ved å lime inn «01234567890123456789» (talrekka består av 20 teikn), og sjekk at heile talrekka er synleg samtidig.

## 2.4 – Søkjerultat blir presentert på ein god måte

Ein god søkjefunksjon er kjenneteikna ved at det er enkelt å finne fram i søkjerultatata. Korleis søkjerultat blir presentert er såleis viktig. Til dette kriteriet er det sett fire krav: Beskrivande tittel, brukarstyrt sortering, tematisk gruppering/anna klassifisering, og ikkje minst relevante treff.

Alternativ

<b>Alternativ, vel eitt eller fleire</b>	<b>Poeng (maks4)</b>
Beskrivande tittel – Kvart enkelt treff skal ha ein beskrivande tittel.	1
Har tematisk gruppering / annan systematisk klassifisering – Resultatlista kan grupperast etter ein tema-/emneordsliste eller vha ei 1 klassifisering av treffa.	
Sortering – Det er mogleg å sortere treffa på minst to av desse måtane: alfabetisk, relevans eller dato.	1
Søkjerultat er relevante – Valt søkjeord gjev relevante treff.	1

### Testmetode

Søk med relevant søkjeord frå ei av kjernesidene og vurder treffa. Vurder tittel og høve til både sortering (det skal vere mogleg å sortere treffa på minst to av desse måtane: relevans, dato eller alfabetisk), og tematisk eller anna gruppering.

Relevante treff medfører at resultatlista må innehalde sider med den valde kjerneinformasjonen, ha generelle dokument/sider med definisjonar/beskrivingar først, samt at sider/dokument med handlingsretta/retteiande informasjon kjem høgt opp på trefflista. Ein må difor besøke dei ulike resultatsidene for å få vurdert dette.

## 2.5 – Innhaldet er presentert på andre språk enn norsk

Hovudmålgruppa for denne indikatoren er framandspråklege i Noreg som er ute etter informasjon om offentleg tenestetilbod. Omsetjingar til andre språk av brukarretta kjerneinformasjon gjev difor meir utteljing enn meir generell informasjon eller turistinformasjon. På bakgrunn av hovudmålgruppa bør inngangen til denne informasjonen ligge lett tilgjengeleg på framsida av nettstaden. Ver merksam på at indikatoren måler språk og ikkje målform, og heller ikkje legg retningslinjer for kva språk som er relevante då dette vil variere og er opp til verksemda å avgjere.

Automatiserte omsetjingar (til dømes Google Translate) gjev ikkje poeng her, mellom anna fordi det ikkje finst noko kvalitetssikring av resultatet.

Alternativ

<b>Alternativ</b>	<b>Poeng (maks3)</b>
Kjerneverksemd – Nettstaden har informasjon om organisasjonen sin brukarretta kjerneverksemd på andre språk.	2
Kontaktinfo – Nettstaden har enkel kontaktinformasjon på andre språk.	1

### Testmetode

Visuell kontroll. Sjå etter lett tilgjengeleg inngang til anna språkversjon. Gje eitt poeng for kontaktinformasjon og to poeng for brukarretta kjerneinformasjon. Sistnemnde skal vere utfyllande. Det er ingen retningslinjer for kva språk som blir godkjende og samisk blir rekna som poenggevendende språk.



## 2.6 – Hovudmenyen er konsistent på heile nettstaden

Ein konsistent hovudmeny er det viktigaste navigasjonsverktøyet på ein nettstad, og denne skal vere inngangen til hovudinformatjonen på nettstaden. Dette er viktig for fleire brukargrupper, mellom anna svaksynte som nyttar forstøringsverktøy og difor berre ser delar av nettstaden om gangen. I tillegg skal brukaren alltid ha høve til å navigere utan å måtte bruke «Tilbake»-knappen i nettlesaren, og han er difor avhengig av at menyen er konsistent ned til nivå tre på nettstaden. Konsistent vil seie at menyen er gjennomgåande (utsjånads- og plasseringsmessig) lik på heile nettstaden.

**Referanse;** [WAI WCAC 2.0 – 3.2.3](#)

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Ja – Nettstaden har ein konsistent hovudmeny på de tre øvste nivåa.	2
Nei – Nettstaden manglar konsistent hovudmeny på de tre øvste nivåa.	0

### **Testmetode**

Visuell kontroll. Kontroller at hovudmenyen er konsistent (gjennomgåande lik, både utsjånads- og plasseringsmessig) ned til nivå tre på nettstaden.

## 2.7 – Nettstaden har markert kvar ein er i nettstadsstrukturen

Ein nettstad kan ha mange undernivå og ei kompleks oppbygging. Det er difor viktig at brukaren veit kvar i nettstadsstrukturen han er. Brødsmulesti OG/ELLER markering i meny er begge viktige former for navigasjonsstøtte og er sidestilte poengmessig. Brødsmulesti skal vera klikkbar, markering i menyen skal vere tydeleg, og begge skal minimum vere gjort gjeldande ned til nivå tre på nettstaden. Det er ikkje tilfredsstillande menymarkering dersom berre for- eller bakgrunnsfargen endrar seg.

Det er viktig at funksjonaliteten fungerer frå alle innhaldsinngangar, også søk.

**NB:** Dette kriteriet gjev maksimalt to poeng, sjølv om ein både har brødsmulesti og markering i menyen (løysingane er likestilte).

**Referanse;** [WAI WCAG 2.0 – 2.4.8](#)

Alternativ

<b>Alternativ, vel eitt eller begge (løysingane er likestilte og gjev maks 2 poeng)</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Brødsmulesti – Nettstaden har klikkbar brødsmulesti.	2
Menymarkering – Nettstaden har tydeleg markering i menyen.	2
Ingen – Nettstaden manglar både brødsmulesti og tydeleg markering i menyen.	0

### Testmetode

Visuell sjekk, bruk ulike inngangar for å nå innhaldet (meny, søk, etc). Kontroller om det er mogleg å avgjere kvar på nettstaden ein er, basert på klikkbar brødsmulesti (til dømes «Her er du») og/eller tydeleg markering i meny. Det er ikkje tilfredsstillande menymarkering dersom berre for- eller bakgrunnsfargen endrar seg.

Markeringen skal minimum vere gjort gjeldande ned til nivå tre på nettstaden.

## 2.8 – Nettstaden har lagt til rette for utskrift av innhaldet

Av og til har besøkande behov for å skrive ut innhald frå nettstaden og då er det viktig at utskrifta er tilfredsstillande. Tilfredsstillande betyr at det er sjølve innhaldet som blir skrive ut, helst utan menyar, bakgrunnsfargar, etc. Det er til dømes ikkje tilfredsstillande dersom unødvendig mykje papir og blekk blir brukt på menyar, grafikk og bakgrunn, eller at sidene blir kutta i margane slik at deler av innhaldet forsvinn på utskrifta. Det beste er om nettstaden har eige CSS-stilark som er tilpassa utskrift, ELLER at det fins eigen utskriftsvennleg versjon av innhaldet. Det er ikkje krav til eige utskriftsikon, men dette kan gjere det enklare for brukaren å skrive ut.

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Ja – Nettstaden har lagt til rette for utskrift av innhaldet.	2
Nei – Nettstaden har ikkje lagt til rette for utskrift av innhaldet.	0

### Testmetode

**Opera** - Skru på dette valet: «Fil – Utskriftsalternativ – Skriv ut sidebakgrunn».

Dette blir gjort for å hindre at nettlesaren gjer eigne utskriftsførebuingar (til dømes automatisk fjering av bakgrunnsfarge, noko berre enkelte nettlesarar tilbyr) som påverkar vurderinga (sjå [verktøylista](#)).

Sjå etter lenkje eller ikon til utskriftsvennleg versjon eller gå til «Fil – Førehandsvising» i nettlesaren og kontroller resultatet. Ei tilfredsstillande utskrift skal presentere innhaldet utan unødvendige element som for eksempel bakgrunn eller meny. Vurder om resultatet er tilfredsstillande.

## 2.9 – Nettstaden har ein oversikt over innhaldet

Ein sideoversikt, til dømes i form av nettstadskart, tilbyr ein alternativ navigeringsmekanisme for de besøkande. I tillegg gjer ein slik oversikt det lettare å sjå kva nettstaden inneheld og korleis innhaldsstrukturen er organisert. Oversikten bør gje tilgang til innhaldet i samsvar med menystruktur. Indeks bør vere ei alfabetisk sortert stikkordsliste. Oversikten skal i minste fall dekkje innhald ned til nivå tre og vere tilgjengeleg og lett å finne frå framsida.

Det er viktig at ein slik innhaldsoversikt er oppdatert og ikkje inneheld feil.

**Referanse;** [WAI WCAG 2.0 – 2.4.8](#) og [WAI WCAG 2.0 – 2.4.5](#)

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 1)</b>
Ja – Nettstaden har ein oversikt over innhald ned til nivå 3.	1
Nei – Nettstaden har ikkje ein tilfredsstillande oversikt over innhaldet, eventuelt er denne vanskeleg å finne.	0

### Testmetode

#### Testmetode del 1, førekomst:

Visuell kontroll. Sjekk førekomst av nettstadskart. Lenkje til nettstadskartet skal vere godt synleg på framsida, og teksten på lenkja skal vere beskrivande slik at det er lett å forstå at det ligg eit nettstadskart eller ein indeks bak.

#### Testmetode del 2, dekning:

Visuell kontroll. Sjekk om sideoversikten dekkjer innhald ned til nivå tre.

## 2.10 – Nettstaden har lagt inn relevante metadata

Bruk av metadata gjer det mellom anna enklare for søkjemotorar å gje gode treff på søk. Ei god beskriving (description) leiar inn til og summerer kva ei landingsside handlar om, noko som er nyttig ved opplisting av treff i søkjemotorar. Indikatoren sjekkar at nettstaden brukar «description» til å beskrive innhaldet på kvar enkelt side. Beskrivinga skal vere meir utfyllande enn sidetittelen (kopi av sidetittel gjev ikkje poeng), og bør ikkje overskride 160 ord.

Alternativ

<b>Alternativ</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Beskrivande metadata – Nettstaden har beskrivande metadata.	1
Unike metadata på kvar side – Nettstaden har unike beskrivande metadata på kvar enkelt side.	1

### Testmetode

IE – WAT – Doc info – Metadata information (sjå verktøylista). Sjekk førekomst av description på startside og på minst 3 undersider. Innhaldet i description skal vere beskrivande og relevant i forhold til innhaldet på kvar enkelt side (unike metadata).

Gje eitt poeng dersom det fins description på alle sider, men denne ikkje er unik for kvar enkelt side.

Gje to poeng dersom nettstaden har unik description på alle sider.

For sider som er baserte på rammer, må metadata for innhaldsramma bli vurderte. Sjå på namnet eller adressa til ramma for å finne innhaldsramma.

Description som er rein kopi av sidetittelen er ikkje godkjent.

## 2.11 – Nettstaden har beskrivande sidetitlar og adresser

Ein beskrivande sidetittel og adresse (URL) gjer det lettare for brukaren å avgjere kvar på nettstaden han er og kva han kan forvente å finne av innhald på sida. Sidetitlane blir også bukte av mellom anna søkjemotorar og nettstadskart, i tillegg til at dei legg betre til rette for bokmerking. Med bakgrunn i mellom anna sistnemnde, er det eit krav at ein skal ha med namnet eller domenet til verksemda i tittelen (til dømes «Kontakt – Hole kommune»). Sidetittel skal vere kort og beskrivande, samt definerast i TITLE-elementet.

Adressene skal i tillegg til å vere beskrivande også vere unike for kvar side, slik at det er mogleg å lenkje eller bokmerke direkte til sida. Språket som blir brukt i adressene skal vere det same som hovudspråket på nettstaden.

**Referanse;** [WAI WCAG 2.0 – 2.4.2](#)

Alternativ

<b>Alternativ, vel eitt eller fleire</b>	<b>Poeng (maks 3)</b>
Beskrivande adresse på kvar side – Nettstaden har beskrivande adresse på kvar enkelt side	2
Beskrivande tittel på kvar side – Nettstaden har beskrivande tittel på kvar enkelt side.	2

### Testmetode

#### Testmetode del 1, adresse (URL):

Visuell kontroll på eit utval sider ned til nivå tre på nettstaden. Kontroller at adressa til sidene (URL) er beskrivande, i samsvar med innhaldet, og unik for kvar enkelt underside. Kontroller også at språket som blir brukt er det same som hovudspråket på nettstaden.

#### Testmetode del 2, tittel:

Visuell kontroll på eit utval sider ned til nivå tre på nettstaden. Kontroller at titlane til sidene er beskrivande og i samsvar med innhaldet. Kontroller at namnet til verksemda eller domenet er med i sidetittelen og at språket som blir brukt er det same som det generelle hovudspråket til nettstaden.

## 2.12 – Nedlastbare dokument er publisert som PDF eller ODF

Det er bestemt at HTML/xHTML som hovedregel skal brukast ved publisering av dokument på offentlege nettstader. Når det av spesielle grunnar må publiserast dokument (altså dokument til nedlasting) på andre format enn HTML/xHTML, skal ein nytta formata PDF eller ODF. PDF skal nyttast til dokument der det er naudsynt å behalde formateringa på innhaldet (til dømes brosjyrar), mens ODF skal nyttast til dokument som skal redigerast av den som lastar ned dokumentet (til dømes skjema). Bruk av PDF med interaktive komponentar (altså at PDF-en kan skrivast i direkte via PC) er likestilt med ODF. Dokument som inneheld informasjon (til dømes tekst) der det er ikkje spesielt naudsynt å bruka PDF/ODF, skal altså publiserast som HTML/xHTML (direkte som innhald på nettstaden).

Indikatoren lønar nettstader som hovudsakleg publiserer innhald som HTML, eller som på rett måte nyttar PDF og ODF dersom det av spesielle grunnar er naudsynt å bruke desse formata.

ODF er ei fellesnemning for fleire opne dokumentformat, derav mellom anna ODT (tekstdokument), ODS (rekneark) og ODP (presentasjon). Dokument som er publisert som ODF bør også parallellpubliserast, til dømes både som ODT og DOC (tekstdokument).

Referanse: <http://www.lovdatab.no/for/sf/fa/xa-20090925-1222.html>

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Ikkje relevant eller alt er publisert som HTML.	2
Nedlastbare dokument er publisert etter gjeldande krav (PDF og ODF).	2
Nedlastbare dokument er ikkje publisert etter gjeldande krav (PDF og ODF).	0

### Testmetode

Visuell sjekk. Kontroller om nettstaden har dokument til nedlasting og kva dokumentformat som er brukt.

Nettstader som ikkje har dokument til nedlasting, alternativt publiserer alle dokument som HTML, skal ha poeng på alternativet «Ikkje relevant eller alt er publisert som HTML».

Kontroller berre dokument som er publisert etter 01.01.09 (1.januar 2009).

Gje poeng basert på resultatet. Indikatoren gjev maksimalt 2 poeng.

Tips: Dokument kan finnast via Google ved å bruke følgjande søkjestreng: site:noreg.no filetype:pdf/odt/doc/etc (bytt ut noreg.no med aktuell nettstad, samt ønska filtype).

## **Del 3 – Nyttig innhald**



### 3.1 – Nettstaden legg til rette for forenkla informasjonsflyt

Regjeringa har gjennom den statlege kommunikasjonspolitikken sett som mål at staten aktivt skal jobbe for å gi relevant informasjon til alle innbyggjarar, samt bidra til openheit og medverknad i utforming av politikk og tenester. Nettet er ein viktig arena for informasjonsflyt mellom forvaltning og brukar.

Indikatoren lønar tilrettelegging for ein- og tovegskommunikasjon i form av nyheitsstraum og dialog. Både nyheitsbrev og RSS er godkjent som nyheitsstraum. Sistnemnde skal kunne oppdagast maskinelt, det er difor eit krav at desse er rett implementert. Aktuelle løysingar for å fremje dialog med innbyggjarane kan vere nettprat (chat), blogg, nettmøte eller anna bruk av sosiale media. Nettstader som brukar sosiale media frå tredjepart (eksempelvis Facebook eller Twitter) skal profilere dette på nettstaden.

Alternativ

<b>Alternativ</b>	<b>Poeng (maks 4)</b>
Dialog – Nettstaden inviterer til dialog (nettprat/blogg/nettmøte/sosiale media).	2
Nyheitsstraum – Har høve for abonnement på nyheitsstraum.	2

#### Testmetode

##### Testmetode del 1, nyheitsstraum (til dømes RSS eller nyheitsbrev)

Firefox – Sjå etter RSS-logo til høgre på adresselinja i Firefox (testen blir gjort på startside på nettstaden). RSS-straumar som ikkje kjem opp med ikon i adresselinja ,gjev ikkje poeng, sjølv om det er RSS-straum ein annan stad på nettstaden. RSS-straumen er då implementert på ein måte som ikkje er mogleg å oppdage maskinelt.

Sjå om ein kan melde seg på nyheitsbrev eller andre nyheitsstraumar. Dette skal vere lett synleg.

##### Testmetode del 2, dialog

Visuell kontroll. Kontroller førekomst av funksjonalitet som inviterer til dialog. Dette kan mellom anna vere nettprat (chat), blogg, nettmøte eller anna bruk av sosiale media. Bruk av sosiale media frå tredjepart (eksempelvis Facebook eller Twitter) skal profilerast på nettstaden for at dette skal gje poeng.

#### Døme

Nyheitsstraum, [Statens Vegvesen](#)

Dialog, [Kongsvinger kommune](#)

## 3.2 – Nettstaden har strukturert informasjon om kjerneoppgåver

Nettstaden til organisasjonen skal gje fylldig og oppdatert informasjon om relevante tema og tenester som er ein del av kjerneoppgåvene til organisasjonen. Denne informasjonen skal tematiserast, strukturast og aktualiserast på nettstaden slik at brukaren enkelt kan finne fram til det han treng.

På kommunale nettstader er sidene som omhandlar barnehage tilbudet i kommunen eit døme på sider med slik brukarretta kjerneinformasjon.

Indikatoren gjev maksimalt fem poeng, sjølv om det er seks krav.

Alternativ

<b>Alternativ, vel eitt eller fleire</b>	<b>Poeng (maks5)</b>
Definert kjerneoppgåve – Har informativ definisjon av dei viktigaste oppgåvene til organisasjonen.	1
God informasjonsstruktur – Har strukturert informasjon knytt til kvar kjerneoppgåve.	1
Interne informasjonsressursar – Har interne informasjonsressursar knytt til kvar kjerneoppgåve.	1
Eksterne informasjonsressursar – Har eksterne informasjonsressursar knytt til kvar kjerneoppgåve.	1
Relevant aktualitetsstoff/relevante ofte stilte spørsmål – Har relevant aktualitetsstoff og/eller ofte stilte spørsmål i tilknytning til kvar kjerneoppgåve.	1
Tilvising til tilsette/roller/funksjon i organisasjonen – Viser kven i organisasjonen som kan gje meir informasjon om kvar kjerneoppgåve.	1

### Testmetode

Visuell kontroll. Gje ei skjønnsmessig vurdering av innhaldet på sider som omhandlar kjerneoppgåver (tema/tenesteinformasjon). Slike sider skal vere lett tilgjengelege og skal presenterast på ein oversiktleg måte med overskrifter, boksar og kontaktinformasjon (tilsette/roller/funksjon). Nettstader som har interne og eksterne lenker til så vel autentiske (lov-)tekstar som konkret regelverk og tenester, samt gjev brukarane relevant aktualitetsstoff og/eller ofte stilte spørsmål knytt til kjerneverksemd skal lønast.

Sider, som for eksempel «Om oss», skal ikkje testast, og ei generell tilvising til servicetorg eller liknande oppfyller ikkje kravet «Viser kven i organisasjonen som kan gje meir informasjon».

På kommunale nettstader er sidene som omhandlar barnehage tilbudet i kommunen eit døme på sider med slik brukarretta kjerneinformasjon.

### Døme

I kommunesektoren er [Dyrøy kommune](#) eit døme som tilfredsstillar fleire av krava til god informasjon.

I statleg sektor er [Fylkesmannen i Sogn og Fjordane](#) eit godt eksempel.

### 3.3 – Nettstaden har sentral kontaktinformasjon

Sentral kontaktinformasjon skal vere lett tilgjengeleg uansett kvar på nettstaden ein er. Behovet for å ta kontakt blir ofte utløyst av noko som står på sidene, og då er det viktig at kontaktinformasjonen er på same side. Den viktigaste kontaktinformasjonen, det vil seie telefonnummer og e-postadresse til verksemda, bør difor vere synleg og konsekvent plassert på alle sider.

Framsida eller eiga kontaktside skal innehalde telefonnummer, e-postadresse, organisasjonsnummer, opningstider, postadresse og besøksadresse (dersom sistnemnde er forskjellig frå postadressa).

**Referanse;** [Lov om Enhetsregisteret, §23](#)

Alternativ

<b>Alternativ</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Ja – Utfyllande kontaktinfo er tilgjengeleg direkte på framsida eller eiga kontaktside.	1
Ja, på alle sider – Enkel kontaktinfo er synleg og konsekvent plassert på alle sider.	1

#### **Testmetode**

##### **Testmetode del 1, ja, utfyllande kontaktinformasjon**

Visuell kontroll. Utvida kontaktinfo skal være tilgjengeleg frå alle sider, lett synleg og konsekvent plassert på framsida eller på eiga kontaktside.

Kontaktinformasjonen skal innehalda telefonnummer, e-postadresse, organisasjonsnummer, opningstider, postadresse og besøksadresse (dersom sistnemnde er forskjellig frå postadressa).

##### **Testmetode del 2, ja, enkel kontaktinformasjon på alle sider**

Visuell kontroll. Kontroller at telefonnummer og e-postadresse til verksemda er synleg på alle sider på nettstaden. Fysisk plassering av kontaktinformasjonen spelar ikkje inn i vurderinga, men den skal vere konsekvent plassert. Kontaktinformasjonen bør ikkje gøymast bort.

#### **Døme**

Tilfredsstillande kontaktinformasjon, [Samferdselsdepartementet](#).

### 3.4 – Nettstaden har sentral eigeninformasjon

Nettet er ein viktig ressurs for å finne eigeninformasjon om organisasjonar. Nettstaden bør difor ha ein eigen organisasjonsinngang som presenterer oppgåver og leiing på personnivå knytt til dei viktigaste ansvarsområda, samt eit organisasjonskart som viser organisasjonen si oppbygging. Verksemdar som i tillegg har politisk styring/organisering, skal også presentere denne på same måte.

Organisasjonskartet skal vere utforma slik at kvart område i kartet (til dømes avdeling eller ansvarsområde) er ei lenkje til meir informasjon om det aktuelle området. Organisasjonskartet skal ikkje liggje i ei fil som krev nedlasting (til dømes som PDF, ODT eller DOC), men vere presentert direkte på nettstaden (til dømes som eit bilete).

Nettstader som ikkje representerer ei verksemd og difor ikkje kan oppfylle overnevnte krav, skal i staden ha informasjon om kven som er avsendar/ansvarleg, samt kva formål nettstaden har.

Informasjonen skal vere utfyllande, oppdatert og lett tilgjengeleg på nettstaden.

Alternativ

<b>Alternativ</b>	<b>Poeng (maks3)</b>
Organisasjonskart – Nettstaden har eit klikkbart/navigerbart organisasjonskart.	1
Presentasjon av ansvarsområde – Nettstaden har informasjon om oppgåver knytt til dei viktigaste ansvarsområda.	1
Presentasjon av leiing på personnivå – I tilknytning til ansvarsområda er leiinga presentert med minimum namn og kontaktinfo.	1
Ikkje relevant – Nettstaden representerer ikkje ei verksemd, men har informasjon om kven som er avsendar/ansvarleg, samt kva formål nettstaden har.	3

#### **Testmetode**

##### **Testmetode del 1, kva type nettstad**

Avgjer om nettstaden representerer ei verksemd. Dersom ja (til dømes ein kommune), gå til testmetode del 2 og 3. Dersom nei (til dømes ein portal, norge.no), kontroller om nettstaden har informasjon om kven som er avsendar/ansvarleg, samt kva formål nettstaden har.

##### **Testmetode del 2, organisasjonskart**

Visuell sjekk. Kontroller om nettstaden organisasjonskart og om dette er lett å finne. Kontroller også at det er mogleg å navigere i sjølve kartet og klikke på dei ulike områda (til dømes avdeling eller ansvarsområde) og dermed få meir informasjon om desse.

Organisasjonskartet skal vere synleggjort direkte på nettstaden. Løysingar som krev nedlasting (til dømes filtypar som PDF, ODT eller DOC) gjev ikkje poeng.

### **Testmetode del 3, presentasjoner**

Visuell sjekk. Sjå etter organisasjonsinngangar eller bruk det navigerbare organisasjonskartet funne i testmetode del 1 dersom nettstaden hadde dette. Nettstaden skal ha presentasjon av dei viktigaste ansvarsområda til organisasjonen.

Nettstaden skal også ha presentasjon av leiinga på personnivå, for eksempel i tilknytning til ansvarsområda. Leiinga skal vere presentert med minimum namn og kontakinformasjon.

For verksemder der presentasjon av tilsette av forståelege grunnar må avgrensast (til dømes Politiet eller Skatteetaten), held det at toppleiinga blir presentert. Rein opplisting av alle tilsette gjev ikkje poeng.

#### **Døme**

Organisasjonskart, [Statsministarens kontor](#)

Presentasjon av ansvarsområde, [Statsministerens kontor](#)

Presentasjon av leiing/tilsette på personnivå, [Statsministerens kontor](#)

### 3.5 – Nettstaden legg til rette for innsyn i postjournal

Offentleglova med tilhøyrande forskrift lovfestar innbyggjarens rett til innsyn i offentleg verksemd. Indikatoren gjev poeng til organisasjonar som tek i bruk teknologien for å gjere postjournalane lettare tilgjengeleg og enklare å bruke for innbyggjaren. Organisasjonar som legg til rette for dokumentbestilling, fulltekstpublisering av dokument eller lenking til dokumenta vert løna.

Dokumentbestilling betyr at brukaren via funksjonalitet på nettstaden kan krevje innsyn i dokumenta rett frå nettstaden eller frå [Offentleg Elektronisk Postjournal \(OEP\)](#) for verksemder som nyttar denne som publiseringsløysing. OEP har også støtte for å vise til fulltekstpubliserte dokument.

Dokumentbestilling via e-post er ikkje poenggjevande. Alternativet ikkje relevant vert berre brukt dersom nettstaden ikkje representerer ei verksemd, eller dersom verksemda av ulike grunnar ikkje fører journal. Dersom verksemder av sikkerheitshensyn ikkje kan fulltekstpublisere dokument, må dette dokumenterast i vurderinga for å få full uttelling.

Dokument som blir publisert i denne forbindelse bør ikkje vere bilete av tekst (til dømes scanning til PDF utan tekstgjenkjenning, slik at resultatet blir eit stort bilete av det scanna dokumentet), då dette gjer det umogleg for enkelte målgrupper å få tak i informasjonen.

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 3)</b>
Postjournal med fulltekstpublisering – Nettstaden har postjournal med dokument publisert i fulltekst (eller kan av sikkerheitshensyn ikkje fulltekstpublisere).	3
Postjournal med dokumentbestilling – Nettstaden har postjournal med funksjon for dokumentbestilling (ikkje bestilling via e-post).	2
Enkel postjournal – Nettstaden har postjournal.	1
Nei – Nettstaden har ikkje postjournal.	0
Ikkje relevant – Nettstaden representerer ikkje ei verksemd.	3

#### Testmetode

Visuell sjekk. Kontroller om nettstaden publiserer postjournalen til verksemda og eventuelt kor omfattande denne er. Bruk alternativinndelingane nemnt ovanfor for å avgjere kor mange poeng løysinga skal ha (berre eitt alternativ, maksimalt 3 poeng).

Alternativet «Ikkje relevant» skal berre brukast dersom nettstaden ikkje representerer ei verksemd og dermed ikkje har postjournal, til dømes [www.norge.no](http://www.norge.no), som er ein portal som er eigd av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), eller at ein av andre særskilde grunnar ikkje kan publisere postjournal. Bakgrunnen skal grunngjevast.

## **Døme**

[Postjournal, Bærum kommune](#)

[Finansdepartementet \(OEP\)](#)



### 3.6 – Nettstaden legg til rette for innsyn i saker og møte

I samsvar med offentleglova har ein lovfesta rett til innsyn. Indikatoren gjev poeng til organisasjonar som tek i bruk teknologien for å forenkle denne prosessen, og som aktivt bruker nettet for å opne opp organisasjonen. Innsyn i kva som skjer i organisasjonen, i form av saker og møter, fremjar demokrati, deltaking og openheit. Alternativet «Ikkje relevant» skal berre brukast dersom nettstaden ikkje representerer ei verksemd og dermed ikkje har møte, til dømes [www.norge.no](http://www.norge.no), som er ein portal som er eigd av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), eller at ein av andre særskilde grunnar ikkje kan publisere dette. Bakgrunnen skal grunngjevast.

Dokument i denne forbindelse skal som hovudregel publiserast som HTML/xHTML på nettstaden (altså direkte som tekstinnhald). PDF, eller andre format, skal berre nyttast dersom det er spesielle grunnar til det, til dømes at det er viktig å behalde formatteringa eller at dei besøkande skal fylle ut eit dokument.

Alternativ

<b>Alternativ</b>	<b>Poeng (maks 3)</b>
Innsyn i saksdokument – Nettstaden publiserer innkalling, saksdokument og/eller referat/protokoll frå møte.	2
Digitalt innsyn – Nettstaden publiserer lyd- eller videooverføringar frå møte.	1
Ikkje relevant – Nettstaden representerer ikkje ei verksemd.	3

#### Testmetode

Visuell sjekk. Sjå etter høve til innsyn i saker og møte.

Innsyn i saksdokument krev høve til å sjå eller laste ned saksdokument, innkallingar eller referat/protokollar frå møte.

Digitalt innsyn krev høve til å sjå eller laste ned lyd- eller video-overføringar frå møte.

Alternativet «Ikkje relevant» skal berre brukast dersom nettstaden ikkje representerer ei verksemd og dermed ikkje har møte, til dømes [www.norge.no](http://www.norge.no), som er ein portal som er eigd av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), eller at ein av andre særskilde grunnar ikkje kan publisere dette. Bakgrunnen skal grunngjevast.

#### Døme

[Innsyn i saksdokument, Bærum kommune](#)

[Digitalt innsyn, Bærum kommune](#)

### 3.7 – Nettstaden legg til rette for elektroniske høyringar

Elektroniske høyringar er eit svært nyttig verktøy for demokratisk dialog og deltaking. Indikatoren sjekkar i kva grad offentlege nettstader brukar nettet for å få innspel og løner dei som legg til rette for dette. Ei komplett høyringsløyising skal gje tilgang til aktuelle høyringsdokument, ha eigne skjema for innsending av innspel og gje tilgang til andre sine innspel i saka.

I tillegg til dei meir tradisjonelle (og gjerne lovpålagte) høyringane dei fleste kjenner, gjev indikatoren også poeng til nettstader som arrangerer elektroniske høyringar i mindre saker der innspel frå dei det gjeld vil vere av interesse. Eksempel på slike mindre saker kan vere plassering av ein kommunalmusikkbinge eller studieplanar ved utdanningsinstitusjonar.

Alternativet «ikkje relevant» skal berre brukast dersom type verksemd gjer at dei ikkje kan ha saker på høyring og må grunnjevast.

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks3)</b>
Komplett høyringsløyising – Nettstaden legg saker ut på høyring med skjema for innsending av innspel og med tilgang til andre innspel i saka.	3
Enkel høyring med innsending eller publisering – Nettstaden legg saker ut på høyring og har anten skjema for innsending av innspel eller publiserer desse på nettstaden.	2
Enkel høyring – Nettstaden legg saker ut på høyring, men har verken skjema for innsending av innspel eller publiserer desse på nettstaden.	1
Nei – Nettstaden legg ikkje saker ut på høyring.	0
Ikkje relevant – Type verksemd gjer at nettstaden ikkje kan ha saker på høyring.	3

#### **Testmetode**

Visuell kontroll, sjekk førekomst av løyising for elektroniske høyringar.

Bruk alternativet «enkel høyring» dersom verksemda berre legg ut saksdokument, men manglar skjema for innsending av innspel og ikkje publiserer innkomne innspel på nett.

Bruk alternativet «enkel høyring med innsending eller publisering» dersom verksemda legg saker ut på høyring og anten har eigne skjema for å sende inn innspel ELLER manglar tilgang til andre innspel i saka på nett.

Bruk alternativet «komplett høyringsløyising» dersom verksemda legg saker ut på høyring, har eigne skjema for innsending av innspel og publiserer andre innspel i saka.

Bruk alternativet «ikkje relevant» dersom type verksemd gjer at dei ikkje kan ha saker på høyring. Avgjersla skal grunngjevast.

**Døme**

Komplett høyringsløyising, [Sørum kommune](#)

### 3.8 – Nettstaden utnyttar teknologien til å lage gode tilleggslysingar

Indikatoren sjekkar i kva grad offentlege nettstader tek i bruk moglegheitene i webteknologien og brukar dei til å lage gode tilleggslysingar som er nyttige for dei besøkande.

Eksempel på slike tilleggslysingar kan vere elektronisk søknad på ledige stillingar, bestillingstenester, tekst-til-tale-løysingar, kalkulatorar, funksjonalitet for e-innbyggjarinitiativ (at innbyggjaren kan fremje forslag som gjeld kommunen eller fylkeskommunen si verksemd etter kommunelova si §39a) og/eller gjere data tilgjengeleg for vidarebruk (opne data, sjå egne krav i neste avsnitt).

Gjennom fellesføringane for 2011 har Fornyingsdepartementet vedtatt at alle statlege etatar skal gjere egne rådata tilgjengeleg i maskinlesbare format i 2011. Tilgjengeleggjering av offentlege data vil derfor vere ein aktivitet der det er ynskje om ekstra innsats. Ved tilgjengeleggjering av data, skal desse publiserast i eit ope, maskinlesbart format (til dømes CSV, XML eller JSON). Ein skal også opplyse om retningslinjer for bruk (lisens). Sjå [data.norge.no](http://data.norge.no) for meir informasjon.

Det er berre funksjonalitet som ikkje blir løna andre plassar i kriteriesettet som skal lønast her.

Alternativ

<b>Alternativ, vel berre eitt</b>	<b>Poeng (maks 2)</b>
Ja, fleire – Nettstaden har utnytta teknologien til å lage fleire gode tilleggslysingar.	2
Ja, ein – Nettstaden har utnytta teknologien til å lage ei god tilleggslysing.	1
Nei – Nettstaden har ikkje tilleggslysingar utover det som blir premiært i kriteriesettet.	0

#### **Testmetode**

Visuell kontroll. Kontroller om nettstaden har utnytta moglegheitene i webteknologien til å lage gode tilleggslysingar ut over det vanlege og som er nyttige for dei besøkande.

Merk at det berre er funksjonalitet som ikkje blir løna andre plassar i kriteriesettet som skal lønast her. Dobbeltpremiering er ikkje tillete.

Eksempel på gode tilleggslysingar kan vere elektronisk søknad på ledige stillingar, bestillingstenester, tekst-til-tale-løysingar, kalkulatorar, funksjonalitet for e-innbyggjarinitiativ og/eller ikkje minst gjere data tilgjengeleg for vidarebruk (opne data). For å finne sistnevnte vil det vere nyttig å søkje etter «datasett», «lisens» eller liknande på nettstaden. For at opne data skal gje poeng, må nettstaden opplyse om retningslinjer for bruk (lisens), samt at datasettet skal vere publisert i eit ope, maskinlesbart format (CSV, XML, JSON, etc).

#### **Døme**

[E-innbyggerinitiativ, Sørums kommun](#)

[«VisVeg», Statens Vegvesen](#)

[Jobbsøknad, Inderøy kommun](#)

[Tekst-til-tale, Etne kommun](#)

[Tilgjengeleggjering av data, Direktoratet for forvaltning og IKT](#)

### 3.9 – Nettstaden har skjema for elektronisk innsending

Nettbaserte skjema med elektronisk innsending gjer innsending av skjema lettare og ikkje minst raskare, både for brukaren og verksemda. Regjeringa har også som mål å gjere elektronisk kommunikasjon til den primære kanalen for dialog mellom innbyggjaren og offentlege verksemder. Indikatoren gjev poeng til nettstader som legg til rette for nettbaserte skjema med elektronisk innsending. Skjema som inneheld taushetsbelagt informasjon, til dømes personsensitive opplysningar eller konkurransemessige forretningsforhold, skal krypterast. På denne måten er det ikkje mogleg for uvedkommande å hente ut informasjon under sending til mottakaren.

Skjemaeigarar bør vere merksam på at skjemaløysingar som inneheld bruk av ekstra utvidingar (til dømes javascript eller Flash) kan vere heilt eller delvis utilgjengeleg for enkelte brukargrupper. Slike løysingar bør difor ha ei fall-back-løysing («reserveløysing») som sikrar at alle kan nytte skjemaløysinga.

Kriteriesettet oppfordrar også til at ELMER-retningslinjene blir fulgt når ein utviklar grensesnitt for offentlege skjema.

Enkle skjema, til dømes kontaktskjema, gjev ikkje poeng. Nedlastbare skjema som kan sendast inn via e-post (til dømes PDF eller DOC) er ikkje rekna som nettbasert med elektronisk innsending, og gjev heller ikkje poeng.

Maks poengsum på denne indikatoren er fem poeng, som blir gjeve når nettstaden har nettbaserte skjema med elektronisk innsending, samt kryptering dersom dette er naudsynt.

Alternativ

<b>Alternativ, vel eitt eller fleire</b>	<b>Poeng (maks5)</b>
Har elektroniske skjema – nettstaden har skjema for elektronisk innsending.	3
Kryptering – Skjema som inneheld taushetsbelagt informasjon er kryptert ELLER skjema inneheld ikkje informasjon som krev kryptering.	2
Nei – Nettstaden har ikkje skjema for elektronisk innsending.	0
Ikkje relevant – Type verksemd gjer at nettstaden ikkje har bruk for skjema for elektronisk innsending.	5

#### Testmetode

##### Testmetode del 1, relevans

Avgjer i kva grad nettstaden har bruk for nettbaserte skjema med elektronisk innsending, basert på kva type verksemd det er. Nettstader som ikkje er relevante, skal ha alternativet «ikkje relevant» og argumentasjon for avgjersla skal grunngjevast. Nettstader som er relevante, blir vurderte etter testmetode 2 og 3.

##### Testmetode del 2, elektroniske skjema

Visuell sjekk av nettstaden. Sjå etter skjema for elektronisk innsending. Enkle skjema, til dømes enkle kontaktskjema, gjev ikkje utteljing. Det same gjeld nedlastbare skjema (PDF, DOC, etc) som kan sendast inn via e-post.

**Testmetode del 3, kryptering (gjeld berre elektroniske skjema som inneheld tausheitsbelagt informasjon)**

Firefox. Kontroller at URL-en (sideadressa i adresselinja) på skjemasida begynner med httpS://, altså bokstaven **S** like etter «http». HTTPS er ei sikker utgåve av kommunikasjonsprotokollen HTTP, som krypterer og dermed beskyttar innhaldet som blir sendt.

Eit hengelåsikon blir også vist i statuslinja i nedre del av nettlesaren dersom HTTPS blir brukt.

Gje også poeng på dette alternativet dersom skjemaet ikkje inneheld tausheitsbelagt informasjon og noter dette i kommentarfeltet.

**Døme**

[Søknad om inntak ved kulturskole, Alta kommune](#)

[Elektronisk lånesøknad, Statens Pensjonskasse](#)

### 3.10 – Nettstaden har innloggingsbasert sjølvbetening

Sjølvbeteningsløyningar gjev store moglegheiter for innbyggjaren på nett. Indikatoren lønar dei nettstadane som har innloggingsbasert sjølvbetening og som i forbindelse med løysinga gjev god informasjon om kva tenester som finst og har ei tilfredsstillande personvernerklæring.

Det blir gjeve ekstrapoeng dersom innlogginga er basert på [ID-porten](#), ein felles plattform for elektronisk ID i offentleg sektor. [ID-porten](#) sikrar trygg innlogging og gjer det mogleg å velje kva eID ein vil bruke mot offentleg sektor. Bruk av [Feide](#) til innlogging i utdanningssektoren er sidestilt med ID-porten.

Personvernerklæringa skal innehalde informasjon om kva opplysningane blir nytta til (formål), om det er frivillig å gje frå seg opplysningane, om opplysningane vil bli utlevert (og eventuelt kven som er mottakar), namn og adresse på den behandlingens ansvarlige, samt kva rett ein har til innsyn og retting (jmf. Lov om behandling av personopplysningar, §19).

Nettstaden bør og ha ei meir generell personvernerklæring som omhandlar annan behandling av personopplysningar (til dømes e-post eller sosiale media). Sjå til dømes Datatilsynet sin [personvernpolicy](#).

All informasjon skal vere lett synleg og tilgjengeleg utan innlogging.

Alternativ

<b>Alternativ</b>	<b>Poeng (maks5)</b>
Nettstaden har innloggingsbasert sjølvbetening.	1
Nettstaden brukar ID-porten til innlogging (evt Feide).	1
Personvernerklæring – Informasjon om personvern og korleis personopplysningar blir behandla er tilgjengeleg før innlogging.	2
Oversikt over tenester – Informasjon om kva tenester som er tilgjengelege om ein loggar inn.	1
Nei – Nettstaden har ikkje innloggingsbasert sjølvbetjening.	0
Ikkje relevant – Nettstaden har ikkje tenester som er aktuelle for sjølvbetening.	5

#### **Testmetode**

##### **Testmetode del 1, relevans**

Avgjer om nettstaden vil ha behov for innloggingsbasert sjølvbetening, basert på kva type verksemd det er. Nettstader som ikkje er relevante skal ha alternativet «ikkje relevant» og avgjersla skal grunngjevast. Nettstader som er relevante blir vurderte etter testmetode 2.

##### **Testmetode del 2, informasjon**



Kontroller om nettstaden har innloggingsbasert sjølvbetening og om dei brukar ID-porten til innlogging. Dersom nettstaden tilhøyrer utdanningssektoren er det godkjent å bruke Feide-innlogging i staden for ID-porten.

Kontroller også kva som finst av informasjon om sjølvbeteningsløysinga. Nettstaden skal ha informasjon om kva tenester som finst og ei personvernerklæring. Personvernerklæringa skal innehalde informasjon om kva opplysningane organisasjonen hentar inn blir nytta til (formål), om det er frivillig å gje frå seg opplysningane, om opplysningane vil bli utlevert (og eventuelt kven som er mottakar), namn og adresse på den behandlingsansvarlige, samt kva rett ein har til innsyn og retting (jmf. Lov om behandling av personopplysningar, §19).

All informasjon skal vere lett synleg og tilgjengeleg utan innlogging.

### **Døme**

I kommunesektoren er [Asker kommune](#) eit døme som tilfredsstillar krava til innloggingsbasert sjølvbetening.